En fremstilling av Bibelens lære om inspirasjonen fremkaller gjerne en rekke spørsmål og innvendinger. La oss ta for oss to-tre av de viktigste spørsmålene.

1. «Har ikke Bibelen også en menneskelig side?»

Vi svarer: Jo, sikkert nok, Bibelen har en menneskelig side. Den er ikke falt ferdig ned fra himmelen. Vi har fått den gjennom mennesker — hvert ord i den er skrevet med menneskehånd. Og ikke bare de menneskelige forfatteres hånd har vært virksom da den hellige bok ble til. Om man gir akt på det faktum at hver forfatter har sin særegne stil og sin særegne uttrykksmåte, så blir det klart at Guds Ånd har tatt menneskelige personligheter i sin tjeneste uten på noen måte å utviske den menneskelige individualitet. Heller ikke har inspirasjonen utelukket den menneskelige selvvirksomhet. Paulus oppgir ikke sjelden årsaken til at han har skrevet det ene eller det andre av sine brev, og i Luk. 1, 1-4 nevner evangelisten at før han skrev sitt evangelium, har han «nøye gransket alt sammen fra først av». Med fullkommen rett har man derfor kunnet si: «Alt i Skriften er av guddommelig opprinneles, og alt i Skriften er er preget av mennesker» (Odeberg).

Det er imidlertid ikke dette man mener når man i vår tid taler om Bibelens «menneskelige side». Man tenker i stedet på at Bibelen skal inneholde alle slags mistak og feil. Som vi nettopp har vist, står imidlertid en slik tanke i strid med Bibelens vitnesbyrd om seg selv — Bibelen gjør krav på å være helt igjennom sann.

2. «Er bibelteksten som vi nå har den, virkelig uten feil?»

De som stiller dette spørsmålet, pleier — og det med all rett — å minne om at de opprinnelige håndskrifter (autografene) ikke lenger eksisterer. Vi har bare avskrifter, og disse avskrifter stemmer ikke alltid overens i alle detaljer.

Det kunne være atskillig å si om dette spørsmål, men vi begrenser oss til å peke på følgende: a) Ulikhetene mellom de forskjellige lesemåter har i det hele svært liten betydning. Både i eldre og nyere tid har man med all rett pekt på at intet punkt i den kristne lære berøres av ulikhetene mellom lesemå-

tene. b) Gud selv uttaler at hans ord forblir evindelig (Es. 40, 8), og Jesus sier: «Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal ingenlunde forgå» (Matt. 24, 35). Og når han i sin yppersteprestelige bønn ber for dem som gjennom apostlenes ord skal komme til å tro på ham (Joh. 17, 20), innebærer disse ord også en forsikring om at det apostoliske ord skal bestå inntil tidenes ende. Gud skal således våke over at dette ord blir bevart uforvansket inntil denne tidsalder er slutt.

3. «Innebærer inspirasjonen at alt i Bibelen er uttrykk for Guds vilje?»

Den som spør slik, pleier gjerne å peke på at Bibelen også gjengir ord av onde og tåpelige mennesker, ja, til og med ord av Satan. Og Bibelen forteller også om onde menneskers gjerninger, for ike å snakke om at den også beretter om Guds folks synder.

Til dette svarer vi: Inspirasjonen innebærer, som vi ovenfor har prøvd å vise, at de hellige forfattere har mottatt av Ånden det som de skulle skrive. Og når Bibelen skal si oss sannheten også om de onde ånder og om meneskets synd, så må den også omtale hva Satan har sagt og gjort, og likeså syndige mennesker. Men Bibelen viser også klart hva som er Satans og syndige menneskers ord og gjerninger. Den gjengir slangens ord i paradiset (1. Mos. 3), men den sier også at det er slangens tale. Den gjengir gudsfornekterens ord (Salme 14, 1), men sier samtidig at det er dåren som sier så i sitt hjerte.

Det faktum at Bibelen sier oss sannheten om synden i vår slekt, står således på ingen måte i strid med Bibelens krav på å være Guds inspirerte ord.

V.

Den alvorligste innvending mot Bibelens krav på å være Guds inspirerte, helt igjennom pålitelige ord, har vi imidlertid ennå ikke nevnt. Den lyder: Ingen som kjenner vår tids vitenskap, kan holde fast ved dette Bibelens krav. Den som har kjennskap til moderne

naturvitenskap og historieforskning, kan ikke lenger se på Bibelen som Guds inspirerte ord.

Hva forstår en da med «moderne vitenskap»? Svaret på dette spørsmålet pleier vel å være omtrent slik: Moderne vitenskap er den forskning som med hjelp av alle nåtidens midler forutsetningsløst vil søke sannheten og intet annet enn sannheten — sannheten om naturen, historien og menneskelivet. Kanskje den som på denne eller lignende måte prøver å klargjøre hva moderne vitenskap vil, også kommer med et spørsmål: Skal ikke en kristen elske sannheten? Pliker ikke en kristen å godta vitenskapens resultater selv om disse kommer i strid med det Bibelen sier?

Det ville kreves en hel bok — og det en stor bok — til å gi en noenlunde tilfredsstillende behandling av forholdet mellom Bibelen og vitenskapen. Siden plassen er så begrenset, må vi nøye oss med noen få antydninger.

La oss da for det første slå fast at vi slett ikke på noen måte vil undervurdere det storverk som den moderne vitenskap har utrettet på så mange felter. Men vi vil gjerne få spørre: Hva innebærer det at vitenskapen er «forutsetningsløs»? Vil det si at forskeren går til sitt arbeid uten noen som helst forutfattede meninger?

Man finner snart at dette spørsmål må besvarres med nei. Hver eneste forsker bygger på *aksiomer* — på «grunnsetninger som tjener til grunnlag for å bygge en vitenskap.» Et aksiom som ligger til grunn for all naturforskning, kan utformes slik: Hvert eneste fenomen i denne verden har sin årsak i denne verden. Naturforskeren regner derfor aldri med under, for årsaken til underet «kan ikke søkes i den årsakskjede som er nedlagt i skapelsen, men i et umiddelbart inngrep av en guddommelig kraft». Selvsagt kan det hende at naturforskeren teoretisk medgir muligheten av under, men han regner aldri med det i sin forskning. Når han står overfor fenomener som han ikke kan forklare, slår han seg aldri til ro med den forklaring at det er skjedd et

under. Han fortsetter alltid med å søke etter en naturlig årsak.

Og når historikeren utforsker begivenheter og hendingsforløp i fortiden, godkjenner han som virkelighet bare det som naturvitenskapen regner for mulig. Når historikeren i sine kilder finner beretninger om under, tenker han derfor at det i virkeligheten dreier seg om en naturlig tildragelse som er blitt misforstått, eller at beretningen bare er dikt. Å akseptere det overnaturlige i noen som helst form regnes som et forræderi mot det vitenskapelige syn — som det for ikke lenge siden ble uttrykt.

Den vitenskapelige forskning forutsetter altså at det ikke skjer under, men denne forutsetning er et aksiom og ikke resultatet av forskning. Den kristne kan imidlertid ikke ha noen innvendinger mot at naturvitenskap og profan historieforskning arbeider ut fra denne forutsetning. Annerledes blir det om *bibelforskningen* aksepterer dette aksiom. For om bibelforskningen bygger på et slikt aksiom, så vil det si at den går ut fra at Bibelen er et rent menneskelig dokument. Dens lære er da intet annet enn menneskers ideer og tanker, og de under som den forteller om, har aldri funnet sted. Av det Bibelens vitnesbyrd om Jesus Kristus som sammenfattes i den andre trosartikkel, blir da bare igjen «pint under Pontius Pilatus, korsfestet, død og begravet». Om den profane forskningsmetode konsekvent tillempes på Bibelen, blir resultatet altså at Bibelens Kristus og Bibelens evangelium utsjaltet av Bibelen. Og dermed opphører kristendommen å være kristendom.

En meget stor del av den moderne litteratur om Bibelen bygger på den profane vitenskaps aksiomer — la være at man ikke alltid gjør det fullt konsekvent. Bibelen, som gjør krav på å være en guddommelig bok, behandles altså som et rent menneskelig dokument. Dens lære behandles som mennesketanker, og dens under betraktes som om de aldri hadde skjedd. Bibelen behandles i virkeligheten fra et ateistisk utgangspunkt. En kristen må selv-

sagt avvise utredninger om Bibelen som bygger på et slikt grunnlag. Og han innser at det ikke her foreligger noen konflikt mellom vitenskap og bibeltro — det dreier seg i stedet om en konflikt mellom to slags tro: en tro som bygger på et naturvitenskapelig aksiom, og en tro som bygger på Guds åpenbaring.

Når en kristen avviser utredninger om Bibelen som i virkeligheten bygger på ateistiske forutsetninger, gjør han det derfor med fullgod samvittighet intellektuelt sett.

VI.

Men det finnes kanskje områder som ikke berøres av denne prinsipielle konflikt mellom naturvitenskapens aksiomer og troen på den guddommelige åpenbaring, og der det foreligger en åpenbar motsetning mellom Bibelens utsagn og sikre forskningsresultater?

Man pleier å nevne atskillige eksempler på slike motsetninger. Vi må nøye oss med å nevne noen få av dem: Skapelsesberetningen, Bibelens opplysninger om meneskeslektens alder, forskjellige hendinger fra Israels historie som Bibelen forteller om. Vi har bare plass til noen korte bemerkninger om hva Bibelen sier om dette.

Bibelen begynner med de majestetiske ord: «I begynnelsen skapte Gud himmelen og jorden.» Hva vet naturforskningen om verdens tilblivelse? Den vet i realiteten ingen ting, for spørsmålet om alle tings ytterste grunn ligger utenfor dens område. Men *utviklingslæren* i sine forskjellige utforminger har sikkert oppnådd sin popularitet fordi den synes å by et alternativ til troen på en skaper. Man mener at verden i virkeligheten har skapt seg selv! Den logiske urimelighet i en slik antagelse burde dog være åpenbar.

Men Bibelen lærer at verden ble skapt på seks dager! Det kune sies mye om tolkningen av Bibelens skapelsesberetning, men her kan det være nok å nevne at allerede kirkefedrene (Origenes, Augustin) pekte på at solen ble skapt først den fjerde dagen, og at det derfor

med «dag» ikke menes «dag» i vår mening.*)

Videre lærer Bibelen at menneskeslektens alder er seks tusen år. Til denne påstand er bare å si at Bibelen ingensteds uttaler seg om menneskeslektens alder. Det er nok så at de jødiske rabbinere foretok slike beregninger på grunnlag av slektsregistret i Det gamle testamente. Etter deres beregninger skulle det nå ha gått 5714 år siden skapelsen. Beregninger som bygger på disse registre, går selvsagt ut fra den forutsetning at registrene skal være fullstendige. Om flere av registrene er det imidlertid lett å påvise at dette ikke er tilfellet. Dermed faller også forutsetningene for disse beregninger bort.

Når det gjelder Israels historie, er mange av de opplysninger som tidligere ble dratt i tvil av atskillige forskere, takket være de arkeologiske oppdagelser kommet i et anet lys. Det var f. eks. en tid da man sa at kong Sargon, som omtales i Es. 20, 1, aldri har eksistert. Men senere har man i Ninive funnet hans palass, hans bilde og en stor mengde innskrifter der han forteller om sine krigstog og seire.

Professor *Aapeli Saarisalo* i Helsingfors, de eneste universitetslærer i Norden som er spesialist på bibelsk arkeologi, ble engang spurt av en journalist: «Kjenner arkeologien noe faktum som står i strid med en opplysning i Bibelen?» Svaret lød: «Nei, arkeologien kjenner ikke noe faktum som står i strid med noen opplysning i Bibelen.»

En kunne lett fortsette med å nevne eksempler på samsvaret mellom Bibelens opplysninger og vitenskapens virkelige resultat. Men dette får være nok.

Det er vår overbevisning at den som fordomsfritt studerer de påståtte «feil» i Bibelen, kommer til samme resultat som den an-

sette bibelkjenner, dr. theol. og dr. phil. *Oscar Bensow*: «Vi kjenner ikke et eneste tilfelle der det til full evidens er blitt bevist at et *virkelig* mistak foreligger, men derimot mange tilfelle der slikt som man lenge hadde gått ut fra var feil, har vist seg ikke å være det.» (Bensow: Dogmatik s. 119.)

Salmisten synger: «*Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen*» (Salme 119, 89). Apostelen Paulus sier: «*Jeg tror alt det som er skrevet i loven og i profetene*» (Ap.gj. 24, 14). Jesus sier: «*Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal ingeniende forgå*» (Matt. 24, 35). Og på Bibelens siste blad leser vi: «*Jeg vitner for enhver som hører de profetiske ord i denne bok: ersonn noen legger noe til dette, da skal Gud legge på ham de plager som er skrevet i denne bok; og dersom noen tar noe bort fra ordene i denne profetiske bok, da skal Gud ta bort hans del fra livens tre og fra den hellige stad, som det er skrevet om i denne bok*» (Åp. 22, 18—19).

Den gode striden

Paulus skriv til Timoteus millom anna såleis: Men vær du edru. i alle ting, lid vondt, gjer ein evangelie-forkynnars gjerning, fullfør di tenesta! For eg vert alt ofra og tida for mi avferd stundar til. Eg har stridt den gode striden, eg har fullenda løpet, eg har halde trua (2. Timot. 4, 5—7).

Det er mange slag strid her i verda. Alt som lever her på jorda, lever i krig og strid av dei ulike slag. Nå for tida ser det ut for at mange har falle til fote for lovløysa. Dei meiner at me må koma bort frå strid og krig, bort med bod og forbod, bort med alt som heiter grenser.

Men slik talar ikkje Guds ord, heller ikkje livet si bitre erfaring. Frå naturen ser vi at det mest ringe dyr strir for sitt liv, sitt reir osv. Me ser også at menneske strir og fører

*) Hedegård kom til i sine seinare år at det likevel menes vanlig dag fordi det hebraiske uttrykket for dag i skapelsesberetningen *nettopp* betyr en vanlig dag.

krig mot dei som vil ta deira liv, ektemake og avkom. Slik må det vera og slik skal det vera. Men Guds barn, ja heile skapningen, lengtar og stundar etter at Guds barn skal bli openberra. Då skal skapningen verta frigjort frå trældomen under forgjengelegdomen, seier Guds ord. Når Guds barn har kjempa ut, og Guds herlegdom openberrast, då er all strid og krig slutt.

Kor mykje meir skulle ikkje då me som er Guds barn strida for alt det som Herren har sagt og gjort og gitt oss å ta vare på. Og her har me ikkje strid mot kjøt og blod, men mot åndsmakter og denne verda sin fyrste og herre, djevelen.

Djupast sett så finst det vel berre to slag strid. Ein strid, som Skrifta kallar den gode strid, som fører til frelse og evig liv, og ein vond strid etter det falne menneske si natur, som fører til forherding, evig død og fortaping.

Difor ropar Guds ord: Vær edru i alle ting! Apostelen Paulus var kjend på begge disse frontane, difor formanar ha oss til å stri den gode striden. Høyr kva han vitnar om seg sjølv: For de har høyrte om mi framferd før, medan eg var jøde, at eg forfylgde Guds kyrkja oveleg hardt og tynte henne, og eg gjekk lenger i jødedomen enn mange av folket mitt.

Lukkelege Paulus som fall i striden på den vonde si sida. Dei fleste som er med på den vonde si sida overlever til det er forseint. Peter har også eit ord han vil seia oss om dette: Men de er eit heilag folk — så de skal forkynna hans dyder som kalla dyk ut or myrkret til sitt underfulle ljøs.

Ingen soldat gløymer vel den dagen han vart såra til døden, og vart teken hand om og ført til lækjar og sykehus. Heller ikkje gløymer han då krigen blei slutt og det kvite flagget kom opp, for dei hadde overgitt seg. Det er vel heller ikkje lett å gløyma dagen då soldaten blei fanga og ført fram for ei anna hermakt. Slik er det også når det gjeld krigen i den åndelege verda, der er aldri fred, og stri-

den bølgar att og fram.

Noken strir openlyst for å halda sanninga nede i urettferd, men andre lik Paulus strir for å verta rettferdige for Gud ved lovgjeringar. Tenk ei lita stund på denne veldige hær som strir imot Gud — mot hans Ande og ord og vitne, frå det mest primitive avgudsalter til kyrkjer og katedraler, frå den som er analfabet til den høgste dr. grad i teologi. Det er utan tvil verda sin største hær. Her er ingen passiv. Den som ikkje er med meg, han er imot meg, den som ikkje samlar med meg, han spreider, sa fyrsten for Guds hær Jesus Kristus. —

Denne hær strir for sitt eige, og vil ikkje lata seg føra til tru og nytt liv. Det vert eit stort fall den dagen då denne hær med sin førar lyt seia Rettferdige og sanne er dine domar, Herre. Men då er det forseint, og då lyt dei høyra: Gå bort frå meg de som gjorde urett — de som i hjarta førde krig mot sanninga, og utad mot trua sin veg og trua sitt ord.

Eg når vel ein stridsmann i denne hær med orda mine, og sjølv har eg vore i denne frontlinja. Eg har hug å be deg: Høyr, stogga opp ei lita stund og spør deg sjølv og Guds levande ord: Kva strir eg for? Har eg gått over frå døden til livet? Er det kjøtet som råder og er drivkrafta i livet, eller er eg fødd på nytt av Gud? Er det lova sitt ord som er drivkrafta, med håp om siger over syncla og frelse ved eigne gjerningar? Eller er det evangeliet om Jesus og hans død for deg, som er håpet ditt om frelse og drivkrafta i livet ditt?

Her må du vera ædru og våga svara sant, elles vil det gå deg evig ille.

Dei som strir den gode striden er alltid få, og ofte synest dei å vera åleine, og ser mest alltid ut for å vera den tapande part. Men Skrifta seier at den som taper sitt liv skal vinna det. Og Gud seier at mi kraft vert fullenda i vanmakt, derfor vitnar Paulus at eg helst vil rosa meg av mi vanmakt, så Kristi kraft kan bu i meg.

Kva er så den gode strid?

Her kan det bli mange ulike svar. Men Paulus seier at det er å leva i trua på Jesus og evangeliet om han, striden for å bli bevart i trua på Jesus. Mange var dei som ville ha han bort frå denne trua. Skrifta fortel at medarbeidarane forlet han, truande brør og heile menigheter fekk han imot seg, ja blei hans fiendar ved at han forkynte dei sanninga.

Men apostelen heldt alt anna for tap og skarn og ikkje verd å nemna, mot dette å verta funnen i trua på Jesus Kristus. Og nå hadde han snart vunne over alt, stridt trua sin gode strid til ende, og var framme ved målet der rettferdskransen låg og venta på han.

Skal det bli slik ein dag med deg og meg, som fekk trua si kostelege gåve i eiga? «Langt eller kort, å tungt å gå intet der er å akte på, intet mot himmelens glæder.»

Odd Dyrøy.

Bøkene i Himmelen. V.

Sist tala me saman om livets bok i himmelen, og at det avgjerande for alle menneske var å få livskjenskap til Jesus her i nådetida, og dermed ha namnet sitt i «livets bok hjå Lammet», også på dommens dag.

I dag vil me stogga litt ved ei anna bok i himmelen, som eg trur me vil kalla

Lønningsboka i Himmelen

Først vil me då ta fram to bibelord som peikar på denne boka, og sidan fleire ord. Hjå Malakias 3, 16 står det: Og det vart skriva ei minnebok for hans åsyn om dei som ottast Herren og tenkjer på hans namn. Og 2. Korint. 15, 10: For me skal alle openberrast for Kristi domstol, så kvar og ein kan få att det som er verka ved lekamen — anten godt eller vondt.

Båe disse orda talar om vårt liv og våre gjerningar som frelste menneske. Når det

gjeld vår frelsa, vårt barnekår og vår evige arv i Himmelen, så eig me alt dette *åleine ved trua på Jesus Kristus og hans fullførde soningsverk*. Ja, om trua vår er sterk eller veik, så eig me dette like fullt, så sant trua er retta på Jesus åleine. Dei som tek si tilflukt til han, skal ikkje dømast skuldig - men vert kjend fri. (Salme 34, 23.) Dei vert tilrekna Jesus og all hans soning og rettferd. Dette er den frelsande trua sin salige grunnvoll.

Men som frelste menneske har Gud tenkt å bruka oss og vår lekam som sine reidskapar her på jorda. Bruka oss til framgang for sitt rike, til frelse for sjelene som lever omkring oss, og til æra for namnet sitt. Han vil bruka oss ved at Ordet og den Heilage Ande får virka i oss og gjennom oss ved evangeliet — vitnemålet om Jesus. Der den einskilde kristne og den truande forsamlingen stiller seg til teneste, der går Guds rike fram, og der hender frelsesunder på frelsesunder. Men der Herren manglar reidskap, der stansar framgangen. Når det lid fram mot midnatt, og alle dei truande sovnar og ikje lenger byd seg fram til teneste (Matt. 25 5), då må nok den Heilage Ande avbryta gjerningen, og verda ligg open for antikrist og endetida står for døra (2. Tessal. 2).

Her skal me truande gjera rekneskap for vår teneste.

Ordet fortel oss at Gud fylgjer med oss korleis me brukar livet vårt, om me brukar det til å tena oss sjølv — til høve for kjøtet, eller i teneste for han som har frelst oss og eig oss med alt det me er og har. Han skriv opp alt det me gjer, slik at me skal få oppgjerd når me ein gong møter han åsyn til åsyn.

I 1. Korint. 3, 11-15 står det at på denne oppgjerdsdagen vil heile vårt livs byggverk — vårt kristenliv — verta prøvt som gjennom eld. Og så langt me har brukt livet vårt i Herrens teneste skal me få løn, men alt me har bygt i kjøtet si teneste skal brenna opp som høv og strå. Men sjølv skal me bli frelst som gjen-

nom eld. Eit sjølvprøvande ord, men og eit salig ord.

Er det rett å tenkja på løn i Himmelen?

Mange let den tanken liggja fordi dei er redd for at dette skal føra til kjøtleg vinnings-sjuka. Og kjøtet i oss prøver nok å koma til alle stader. Men når Gud så ofte i ordet sitt har lova ei nådeløn til sine, så er det sikkert fordi at me skal høyra det og fordi det skal bli til velsigning for oss. Han tek det opp att gong på gong at dei som er tru skal få løn for sin gjerning.

Kva denne løna er, det står det lite om. Einast i Daniel 12 står det at dei som førde mange til rettferd skal skina som stjernene æveleg og alltid. Men denne stjerneglansen skal ikkje lysa til vår æra, men til hans æra som kjøpte oss til Gud med sitt blod. Når me ein gong kjem heim til Gud som fullkomne menneske, då vert vel all vår sæla det å kunna prisa Gud med ei løyst tunga. Då skal me tena han «natt og dag» i hans tempel i eit evig brusande lovsongskor. Då skal alt hjå den herleggjorde skapningen vera til skaparens æra og pris — også den glansen som nådeløna gjev. Her synest Guds tanke å vera at di meir Gud får danna og bruka oss her på jorda i si teneste, di meir får me nåde til å prisa han gjennom alle ævor.

Sliks synest gjerningane våre i Kristus å fylgja med oss. (Openb. 14, 13). Dette er kanskje den prydnaden brura skal ha å gle brudgomen med, attåt den rettferdskjolen som er tvegen i Lammets blod. (Openb. 7, 14 og 19, 8). Og alt er nåde på nåde, som han byd fram til alle som tek si tilflukt til Jesus og let han få makt i sitt liv.

«Nåde at han fant meg, kjærlighet som vant meg — nåde at han bar meg til sin fold.»

Gudmund Hjorthaug.

BIBLICUMKURS

Det blir Biblicumkurs på Stavanger lærer-skole 26.—28. mars med bl.a. Seth Erlands-son som taler.

Det har lenge vært snakket om å få til et Biblicumkurs her i vårt land, slik som de har det hvert år i Sverige både i Umeå og i Uppsala. Kurset vil være i Biblicums eget regi. Vi skal bare legge det praktiske tilrette.

Vi regner med at kurset kan starte fredag ettermiddag/kveld, og vare til søndag ettermiddag.

På Stavanger lærerskole er det kantine hvor en kan få kjøpt både middag og kaffe.

De som ønsker privat innkvartering kan kontakte *Sigmund Hjorthaug, Kløvervn. 32D, 4300 Sandnes. Telefon (054) 65957.*

Nærmere opplysninger om Biblicumkurset i neste nummer.

REISERUTER

for første halvår 1976 for Norsk Luthersk Lekmannsmisjon sine forkynnere

1. *Ole Brandal*: Bibelveke på Randaberg 10.—18. jan.. Ås, Askim, Knapstad, Nittedal i jan.-febr., Norheimsund, Randaberg, Sandnes og Varhaug i mars-april, i påskehelga påskemøte i Namsos.
2. *Andreas Bø*: Bremnes og Fitjar jan.-febr. Ås, Askim, Knapstad, Nittedal i mars-april. Saman med M. Skumsnes i Østfold i påskehelga.
3. *Odd Dyrøy*: Bygland og Sannidal i januar, Namdalen i februar, Sandøy i Senja, Ellingsøy, andre stader der han kjem til, påskehelga på Randaberg og Varhaug.
4. *Gudmund Hjorthaug*: Hardanger i januar, Haugesund, Tysvær, Avaldsnes, Bygland 5.-11. april, påskehelga i Sannidal frå

tirsd. 13. april til og med langfredag.

5. *Amund Lid*: Bibelveke på Randaberg 10.-18. januar, Sandnes, Nærbø, Varhaug, Foldøy i januar-februar, Bremnes, Fitjar, Stord. Valen i mars april, Avaldsnes og Tysvær i påskehelga.
6. *Reidar Linkjendal*: Tysvær i januar, til disp.
7. *Godtfred Nygård*: Kan ta møter lørdag og søndag på stader som ikkje ligg lenger borte enn at han rekk heim til arbeid mandag, påskemøte i Namsos i påskehelga.
8. *Margrete Skumsnes*: Halsenøy, Matre, Akerfjorden, Tysse på Osterøy, Yndesdalen og Brekke i Sogn, Hardanger, påskehelga i Østfold.
9. *Olav Aakhus*: Kan ta møter av og til etter nermare avtale, påskehelga i Steinsdalen og Tørvikbygd.

Sommarskulane blir i år på Bakketun Folkehøgskole i Værdalen i tida 23.-27. juni, årsmøte og sommerskule på Avaldsnes, Karmøy i tida 14.-18. juli, og på Bremnes i tida 28. juli -1. august. Program kjem i bladet seinare.

Styret.
